

## Referat frå telefonmøte eHelse 24.11.2008

Tilstades: Johnny Hove, Nordfjord Regionråd; Arne Myrekrok og Dagfinn Lorgen, Helse Førde; Erik M Hansen, Helse Vest IKT; Magni Håvardstun SYS; Bjørg Eikum Tang, Fylkesmannen; Ingjerd Skogseid Vestlandsforskning,

Forfall: Øyvind Heimset Larsen og Ivar Petter Grøtte Vestlandsforskning; Gunnar Steine, Sogn Regionråd; Tove Hovland, Helse Førde

Referent: Ingjerd Skogseid

### Sak 1. Godkjenning av referat frå førre møte

Eit par skrivefeil i sak 4 er retta opp.

Presisering av setning i sak 4: "Helse Førde ønskjer å gjennomføre utrulling av sitt prosjekt til kommunane og legekontora i samarbeid med IT-forum eHelse."

### Sak 2. Vellukka konferanse i Førde. Oppsummering og kommentarar

Seminaret hadde godt innhald, og god oppslutnad sjølv om det tok tid før folk melde seg på. Det vart peikt på få legar var tilstades. Dette er eit kjent problem, men fleire frå andre personalgrupper frå legekantor deltok. Det var og berre 13 av kommunane som var tilstades.

For å få legane til å møte må ein vurdere å kjøpe dei fri. Kven vel å bruke tid på dette når det betyr at dei må gi frå seg deler av inntekta si. Dette er eit resultat av måten legetenesta i kommunane er organisert på.

Nasjonalt senter for telemedisin har lagt ut presentasjonane frå møtet

<http://www.telemed.no/index.php?id=4475708>. Følg lenka til Førde 4.11 på høgre side, der finn de og lenke til dei andre seminara som vart haldne denne hausten med seminarpresentasjonar..

### Sak 3 Status Norsk Helsenett ved regionsrepresentantar. Er alle no påkopla og linjene testa?

*Nordfjord* alt oppkopla, *Sunnfjord* skal no vere opp påkopla usikker på om alle testar er ferdige. *Sogn* er ifølge den kunnskapen VF har ferdig oppkopla.

HV IKT har i samband med sitt prosjekt fått tilsendt ein oversikt frå Norsk Helsenett (NHN). Erik Hansen sende fila til alle. Ser vi nærare på informasjonen i fila vil eg klassifisere dette i desse kategoriene

- **Solund Kommune** manglar i oversikten
- Tre kommunar/legekantor er ikkje registrert hjå NHN
  - **Askvoll kommune**/legesenter
  - Førde, **Jostein Tjugum Legekantor**
  - Bremanger, **Svelgen legekantor**
- Elleve kommunar/legekantor er registrert som potensielt via kommunen. 2 av dei er spesifikke legekantor.
  - **Gulen kommune**/legesenter
  - **Hyllestad kommune**/legesenter
  - **Vik kommune**/legesenter
  - **Leikanger kommune**/legesenter
  - **Fjaler kommune**/legesenter
  - **Naustdal kommune**/legesenter
  - **Selje kommune**/legesenter
  - **Hornindal kommune**/legesenter
  - **Gloppen kommune**/legesenter
  - Lærdal, **Lærdal Helsesenter**

- Bremanger, **Bremanger legekantor** (Hauge)
- Eit legekantor er under tilknytning
  - Årdal / **Årdalstangen legekantor**
- 14 kommunar / legekantor er tilknytt NHN adresse
  - **Høyanger kommune**/legesenter
  - **Balestrand kommune**/legesenter
  - **Sogndal kommune**/legesenter
  - **Aurland kommune**/legesenter
  - **Luster kommune**/legesenter
  - **Gaular kommune**/legesenter
  - **Jølster kommune**/legesenter
  - **Førde kommune**/legesenter
  - **Vågsøy kommune**/legesenter
  - **Eid kommune**/legesenter
  - **Stryn kommune**/legesenter
  - Lærdal, **Mogens Vasegaard** (Lærdal)
  - Årdal, **Karin Møller Legekantor** (Årdal)
  - Flora, **Legegruppa S.M.S.** (Florø)

Det var ein del diskusjon om korleis vi skal tolke denne informasjonen. I diskusjonen kom det fram at truleg er situasjonen for mange av dei 11 kommunane som er registrert som "potensielt gjennom kommunen" at dei ikkje har tatt siste steget og skaffa seg EDI adresse frå NHN. Totalt tal kommunar/legekantor i denne oversikten er 30, Kor mange legekantor har vi i fylket, er alle dekkja?

I følgje filnamnet til oversikten er desse data henta 16.9.2008. Vi veit at situasjonen i Sogn og Sunnfjord har endra seg i løpet av oktober. Vi vil likevel ta steg for å kvalitetssikre informasjonen og ev yte påtrykk på dei kommunane der ting ikkje er på plass. Johnny, Ingjerd og Øyvind tar initiativ og lager eit skjema med spørsmål som regionrepresentantane kan nytte for å sjekke status. Vi vil da og samle inn informasjon og system og versjonar.

#### **Sak 4 Status Gaular og informasjonsutsendingsbrev ved Myrekrok og ev nye signal frå regionalt prosjekt**

##### Gaular:

Både gode og dårlege nyheiter frå Gaular. Programvaren fungerer, men leveransane mellom Gaular og HF fungerer ikkje. Årsak til at leveransen ikkje fungerer er måten legekantoret nyttar programvaren og tolking av felta i denne. I utrulling vil ein måtte ta omsyn til kva måte journalsystemet er brukt på, det vil blir utforma ein prosedyre i Prosedyrehandboka som skal dekke dette.

Ny versjon av Infodoc skal vere tilgjengeleg første veka i desember.

Men det er altså positivt at alle dei tre legejournalssystema fungerer og leverer meldingar på EBXML.

##### Informasjonsutsending:

HF er no klar til å sende ut informasjon til kommunar og legekantor.

Koordineringsrådet har skriva rammeavtale med alle kommunane i fylket. I tillegg til rammeavtalen vert det etablert delavtalar på ulike områder mellom anna meldingsutveksling.

Informasjonsbrevet som er planlagt utsendt i løpet av den neste veka vil ha delavtale og prosedyrehandbok som vedlegg. I informasjonsbrevet vert det invitert til tre informasjonsmøte 20, 21 og 22 januar på Nordfjordeid, i Førde og i Sogndal. Brevet inneheld informasjon om status, krav til legekantora, om delavtalen og samarbeidspartar.

Det vert sendt eit brev i regi av Koordineringsrådet til kommunane og eit brev i regi av HF sitt prosjekt til legekantora.

Signering av avtalen: Dersom legekantoret har avtale med kommunen så er det kommunen som signerer, dersom legekantoret ikkje har slik avtale så skal juridisk ansvarleg for legekantoret signere.

#### Informasjonsmøte:

Informasjonsmøta skal dekke behovet for opplæring og vere ein gjennomgang sett frå HF si side. Dersom noen treng ekstra gjennomgang så skal nok det la seg gjere, men det er ikkje planlagt. Derfor er det viktig at legekantora møter på informasjonsmøtet.

Det vil vere behov for å gjere eit arbeid for å sikre deltaking på informasjonsmøta. Fordi møtet skal dekke behovet for opplæring er det viktig at alle relevante møter. Minst bør ein frå lege, omsorg og IT avdelinga møte. Invitasjon til informasjonsmøte vert også sendt IT-forum e-helse sine medlemmer.

### **Sak 5 Avslutning noverande fylkesmannsprosjekt og søknad om nye midlar**

#### IT- forum Utrullingsprosjekt 2007-2008:

(Kva behov har regionane og kommunane? Lokal organisering? Korleis avsluttar vi? )

Prosjektet starta opp andre halvår 2007 og skulle vare i 1 år, våren 2008 fekk vi forlenga prosjektet fram til nyttår. Prosjektet har hatt tre delmål:

- Delmål 1: Etablering av kommunikasjon via Norsk helsenett i heile fylket
  - I følgje informasjonen vi har skal dette no vere på plass, men jfr sak 3 vil status bli sjekka på nytt, både med NHN og med kommunane
- Delmål 2 Etablering og utprøving av meldingsformidlingstenester
  - Her har vi kome langt men vil ikkje kunne rapportere utrulling. Årsaka er status for HF sitt pilotprosjektet, som først no opnar opp for nye kommunar . Det har blitt arbeid med regional organisering i forhold til regionar og kommunar og med utarbeiding av avtale og prosedyrehandbok for kommunar og legekantor.
- Delmål 3. Resultatformidling

Prosjektet er finansiert av FM sine midlar til fornying av offentlig sektor og får kr 785.000 i støtte og må dokumentere kr 785.000 i eigeninnsats. Tilskotet skal delvis gå til den sentrale delen av prosjektet og delvis til kommunar for å dekke kostnader og innsats.

Vi har per i dag ikkje oversikt over innsats og kostnader i kommunane. Dette må kartleggast til neste møte i eHelse.

Spørsmål om avslutting av prosjektet kan henge saman med om ein kan dokumentere kostnader.

#### Utlysing av midlar for 2009.

Fylkesmannen lyser no ut nye midlar for 2009 og programstyret har gitt prioritet til prosjekt med siktemål "Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald- digital læring og helsenett".

Ulike tema for nye prosjekt vart diskutert med utgangspunkt i spørsmålet "Kva kan vi IT-Forum eHelse bidra med?"

- Meldingsløftet har ikkje lagt opp til å dekke ev kostnader på kommune/legekantorsida. Gitt at alle kommunar er oppe på NHN er det eventuelle interne kostnader som er att. Frå HV IKT si side så må ev satsingar vere relatert til meldingsløftet, det er der dei kan sette inn innsats. Det skal vere eit prosjektmøte i meldingsløft prosjektet 4 desember HV IKT føreslår at vi avklarar situasjonen etter dette møtet. Vil kunne gi noen konkrete og gode innspel. Gerhard Lund Furnes er prosjektleiar i HV IKT

- Pleie og Omsorg: I Rogaland har dei no oppe meldingar mellom pleie og omsorg og helseføretaket. Rogaland vart prioritert i forhold til dette og har vore pilot for koplinga DIPS og ACOS.  
Kva system er i bruk i S&Fj? IT-Forum si kartlegging i 2006 viste at 12 kommunar bruka Gericca, 1 kommune nytta CosDoc, 1 kommune EB2000, 7 kommunar Unique Profil, 5 kommunar hadde ikkje pleie og omsorgssystem. På det tidspunktet vurderte 7 kommunar ein overgang frå eksisterande løysing til ACOS ([VF rapport 2/2006](#) side 17). Informasjonen må oppdaterast. I samband med eit anna VF prosjekt vart det samla inn informasjon om kommunesamarbeid i fylket den omfattar også helse. ([VF rapport 6/2007](#))
- Digital forvaltning mellom offentlege instansar. Overføring av erfaring frå BEST prosjektet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til helse sida. Fokus på administrativ side. I staden for å skrive ut papir innføre elektronisk samhandling også på administrativ side. Vil lette kommunikasjonen mellom Helse Vest, Helse føretaka og kommunane.
- Samhandling om meldingsutveksling, klinisk(?). Korleis vi skal samarbeide mellom ulike helsenivå. Interessant å sette inter-, ekstra- og intranett på dagsorden. Når fleire og fleire kommunar tar i bruk meldingsutveksling må det vere eit sentralt arkiv for tildømes tilgang til prosedyrehandboka. Prosedyrehandboks vil bli oppdatert kvar gang ein ny melding tas i bruk. Vi kan ikkje sende dokumentasjon og prosedyrer mm manuelt, må samle slik kommunikasjon på eit sentralt samlepunkt.

Det vart ikkje konkludert kva retning, men det vart peika på behovet for å avslutte ei utrulling før ein går vidare med neste. Ergo at utrulling til Pleie og Omsorg heller bør koplast til søknadsfristen i juni 2009, medan arbeid som støtter opp om meldingsløftet har prioritet på noverande tidspunkt.

**Neste møte: Telefonmøte Fredag 12. Desember kl 9.30.**

**HF sender ut telefonnr. og kode**

Tema blir mellom anna: Status • Rapportering til Fylkesmannen • Avslutting eller søknad om forlenging av prosjekt finansiert av fylkesmannen. • Ev tema for ny søknad med søknadsfrist i 5 januar 2009